

Det første språke
du lærte:


Norsk Anna

☐☐

r 706

Jonsokfeiring

No når eg sitter her og ser på bålet, tenker eg på kvifor vi eigentleg feirar jonsok. Kvifor det er det so lyst, kvifor har vi bål? Ikkje veit eg, eg har berre masse minne frå då eg har feira jonsok i Naustdal . Eg hugsar spesielt godt at eg var med i sykkel konkurranse , att det var mange premiar og at eg åt is og pølse med brød, att eg leika , sykla og spelte fotball. Vi fekk køyre med hest og kjerre og det vart tent jonsokbål. Men kvifor feire vi jonsok det er det eg skal fortelje om i denne teksten.



Jonsok feiringa har vi hatt i over 1000 år.

Men kvifor har vi bål? Bakgrunnen til at vi har bål er at på talet var det ein konge som ikkje ville ha jonsok lenger, så han fant på at det var masse hekseri den natta og att bålet skremmer heksene. Bestemor seier att då ho var lita hadde dei bål, og far hennar kalla det for pris eld slik dei gjorde for mange hundre år sida. Alle ungane eller ungdomane jalp til å finne einer til bålet. Eg pleier å vere med onkelen min og finne einer til bålet.

I viking tida feira dei jonsok med drykk, dans, og leik. Dei feira midtsommar-solkverv.

Kristian den 5 bestemte att jonsok skulle bli heilag dag. Den var til minne om døyparen Johannes sin bursdag 24 juni. Dermed blei dagen kalla Sankthans til minne om han. Ordet Jonsok er det gamle norske namnet. Det kjem av vake, som betyr vakenatt. Jonsok er altså vakenatt for Johannes døyparen.

I nyare tid har det vore normalt å ete pølse med brød ,is og brus på jonsokafta. Bestemor seier att då ho var lita hadde dei med kake, og av og til var det nokre av dei gamle som hadde laga mylse.

Det med leik og dans og sånt har ikkje forandra seg so veldig, men drykk er kutta ut. Bestemor seie at då ho var lita var det berre leik og moro.

Tradisjonen med jonsok brur og brudgom det er det mange som hadde her på vest lande. Då blei barn og ungdom utkledd som brurpar med gamle klede og bunad. Jentene hadde jerne krone eller blomekrans på hovudet. Dei vart gjerne køyrde med oftast hesteskys. Denne skikken har ein mange stadar fortsatt.

Der eg har pledd og feira har vi hatt den tradisjonen. Det hadde ikkje bestemor der ho feira. Men då mamma var lita hadde dei brur og brudgom.